

Sleit med å skape sjansar, då greip AK sjansen

Skrive av administrator

fredag 20. september 2019 20:31 - Sist oppdatert laurdag 21. september 2019 12:53



Vestnes Varfjell sleit med å skape sjansar mot Averøykameratene i fredagens 4. divisjonskamp i Vestnes idrettspark. Gjestane skapte fleire, særleg i andre omgang, og vann dermed fortent etter ein flott soloprestasjon og skot til side for keeper ved Sondre Smenes i det 83. minutt.

[VARFJELL-TV: SJÅ HEILE KAMPEN I OPPTAK](#)

[SJÅ BILDEGALLERI FRÅ KAMPEN](#)

Vestnes Varfjell har hatt ein tendens til å vere "de hjelpeløses hjelper", som dei heiter i salmen. Tidlegare i år var det Elnesvågen som kom som botnlag til Vestnes og reiste heim med tre poeng. I kveld var det Averøykameratene, som kom på desperat poengjakt. Gjestane var akkurat så hardtkjempande og godt organiserte at det vart vanskeleg for heimelaget å skape nok.

Det er sjeldan notatblokka er så tom etter ein kamp som etter denne. I første omgang noterte me ein dobbeltsjanse til ein småsjuk kaptein Tommy Kanishi som avslutta både med hovud og bein etter eit innlegg rå Amund Stavem utan at ballen ville i mål. Resten av forsøka endte ut i ei rekke avvinkingar for offside. I andre enden måtte keeper Bergslid i aksjon ein gong heilt mot slutten. Elles hadde Varfjell ballen mykje, men altså utan å spele seg til dei store sjansane.

Sleit med å skape sjansar, då greip AK sjansen

Skrive av administrator

fredag 20. september 2019 20:31 - Sist oppdatert laurdag 21. september 2019 12:53

Kampbildet endra seg noko i andre omgang, då satsa gjestane litt meir framover og kom til eit par innlegg og skot utanfor. Då dei sette ballen over frå fem meter etter ein halvtime, såg det ut til å bli ein mållaus kveld heilt til Smenes dukka opp. Vestnes Varfjell prøvde ein sluttspurt, men det vart med forsøka. AK hadde i staden sjansen til 2-0 på ei kontring, men Bergslid fekk rydda opp.

Vestnes Varfjell trengte seier etter to strake tap for å henge med i kampen om ei plassering på øvre halvdel av tabellen. Med vanskelege kampar mot topplaga Dahle (b) og KBK 2 (h) i vente, må laget i staden sjå seg bakover. KFK gjekk forbi fredag kveld og laurdag kan ÅIF gjere det same. AK ligg med kveldens seier berre seks poeng bak på nest sisteplass. Kor mange lag som rykker ned er uvisst, anna enn at det heilt sikkert blir eitt. Dersom vinnaren av avdelinga ikkje slår vinnaren på Sunnmøre i kvalifiseringa, blir det to lag som rykker ned med mindre ingen lag frå vår krets rykker ned frå 3. divisjon (Sunndal ligg for tida under streken). Skulle i tillegg Træff, som er i fritt fall på tabellen, eller Molde 2 rykke ned frå 3. divisjon, blir det tre lag som rykker ned. Og eit"i verste fall-scenario": Alle tre rykker ned og vinnaren av 4. divisjon ikkje rykker opp, då går fire lag (!) ned frå 4. divisjon. [Oversikt over alle eventualitetar finn du her](#). Det er med andre ord alt å spele om i dei fire kampane som står att av årets serie.

KAMPFAKTA

Vestnes Varfjell - Averøykameratene 0-1 (0-0)

4.divisjon Nordmøre/Romsdal, fredag 20. september kl 19

Vestnes idrettspark, 70 tilskuarar

Mål: 0-1 (83) Sondre Smenes

Dommar: Eirik Hyldbakk Furu, Clausenengen

Sleit med å skape sjansar, då greip AK sjansen

Skrive av administrator

fredag 20. september 2019 20:31 - Sist oppdatert laurdag 21. september 2019 12:53

Gult kort: Amund Stavem (77) og Knut Stian Eik (90 + 2), Vestnes Varfjell

Vestnes Varfjell (4-3-3): Fredrik Bergslid; Cederik Andreassen, Sviert Nerheim, Svein Erik Lange Male (Knut Stian Eik 75.), Håkon Kjørvik - Ørjan Tangen, Karl Arne Stokkeland (Vegard Ellingseter 62.), Vegar Skare - Amund Stavem, Tommy Kanishi Andreassen (k), Juan Rikard Larsen (Eirik Crispim Tomren 81.)